

# Arbeidsretta rehabilitering

## Dagbasert arbeidsretta rehabilitering:

Meistring av helsetilstand og styrking av arbeidsevne gjennom

- Undervisning
- Fysisk aktivitet
- Rettleiing
- Individuelle samtalar

## Vanlege psykiske lidingar

Tilbodet blir gjeve til personar med angst, psykisk ubalanse og depresjon. Tilbodet er og retta mot pasientar med allmenne og uspesifiserte symptom og plagar der psykologiske og sosiale mekanismar synes å være sentrale i å oppretthalde lidinga.

## Muskel- skjelettlidningar

Tilbodet blir gjeve til personar med plagar i muskel-, skjelettsystemet og allmenne og uspesifiserte symptom og plagar der psykologiske og sosiale mekanismar synes å vere sentrale i å oppretthalde lidinga.

**Tilboda er for dei som står i fare for eller har blitt sjukmelde, eller mottek AAP på grunn av desse plagene.**

**Begge tilboda er for aldersgruppa 18-67 år.**

## Innsøk:

**Fastlege/behandlande lege henviser direkte til Muritunet ved inntakskontoret.**

## Målsetting

Formålet med tilbodet er å bidra til meistring av helsetilstanden og styrke pasienten si arbeidsevne. Fokus på samansette problemstillingar knytt til manglande arbeidsdeltaking, handtering av utfordringar relatert til krav i arbeidslivet, sosiale relasjonar på jobb, tru på egne evner, meistring og behov for samhandling mellom helseteneste, NAV og arbeidsgivar.

## Organisering

Dagbasert opplegg på Muritunet, avdeling Moa. Ein legg opp til seks vekers forløp med oppmøte to dagar og tre dagar annakvar veke. Innhaldet i timeplanen vil vere med individuelle tilpassingar ut frå mål for rehabiliteringa og faglege vurderingar.

Deltakarane blir følgt opp av eit tverrfagleg team bestående av lege, psykolog, fysioterapeut, sjukepleiar, kognitiv terapeut, ergoterapeut, idrettspedagog, arbeidskonsulent og ernæringsfysiolog. Tilbodet bygg på teori og praksis innanfor områda arbeid og funksjonsfremjande aktivitet.



## Eksterne aktørar

Arbeidsretta rehabilitering ved Muritunet inngår i ei samhandlingskjede i oppfølginga av sjukemeldte pasientar. Dette skal bidra til at pasienten sitt forløp tilbake i jobb skjer på ein koordinert og integrert måte med involvering av alle aktørar som har innverknad på prosessen. Kontakt med arbeidsplassen kan bidra til å støtte dialogen mellom den sjukmeldte og arbeidsgivar. For pasientar utan arbeid vil vi understøtte prosessen retta mot arbeidsmarknaden. Her kan fokus vere karriererettleiing, samarbeid med NAV om eventuell arbeidsutprøving og jobbsøking. Omfang av kontakt vil vere ut frå pasienten og arbeidsgivar/NAV sine behov.

## Kontaktpersonar

Ved ønskje om ytterlegare informasjon vedrørande opphaldet kan ein kontakte;

Teamleiar Ester Vinje Nilsen                      tlf. 48035508

Inntakskontoret                                      tlf. 70 25 84 00.